

Læringsmiljø- teamet (LMT)

Beskrivelse av tiltaket

Vinje kommune har oppretta eit kommunalt innsatsteam - Læringsmiljøteamet.

Dette teamet er eit tverrfagleg rettleiingsteam som støttar barnehagane og skulane i deira arbeid med å sikre at barna i Vinje har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Gjennom arbeidet i teamet har me hatt fokus på å førebygge utanforskap og mobbing. Teamet har hatt fokus på å bidra til tverrfagleg samarbeid og legge til rette for auka kompetanse og samhandling blant alle som jobbar med barn og ungdom – laget rundt barnet. Teamet har hatt ein særskilt viktig funksjon som kompetansesentral der beste praksis og erfaringar har blitt delt på tvers av verksemdar innanfor helse og oppvekst.

Læringsmiljøteamet er ei ressursgruppe for leiarar og tilsette i Vinje oppvekst. Teamet er ei konsultativ og ambulerande teneste.

Viktigste punkter fra egenevaluering

- Undervegsvurdering er viktigaste form for vurdering som handlar om timing og klok kursendring.
- Godt implementeringsarbeid skaper forankring, forståing og framdrift.
- Tverrfaglegheit krev fastsett tid til samarbeid over tid.
- Viktig med kontinuerleg kompetansepåfyll.
- Best kontinuitet og framdrift i prosjekt med dedikert prosjektleiar med avsett tid til koordinering og møteverksemd.
- Hyppig omtale av prosjektet skapar kjennskap og legitimitet.



VINJE

Vinje kommune

Kontaktperson

Anders Sandvik, tlf.: 95 40 75 93





«Det verkar fornuftig å investere i tverrfagleg samarbeid som kan bidra til å finne løysingar i større samfunnsutfordringar»

- polititar om LMT

Nye samarbeidsformer som er blitt etablert


- LMT har fast samarbeidstid kvar veke med deltaking frå barnehage, skule og helsetenesta.
- LMT bidreg med kompetanseheving, bistand og refleksjonsøker i alle verksemdar.

Gjennomføring av SNU-metoden – praksishistorie

LMT bistod i planlegging, gjennomføring og evaluering av den omfattande SNU-metoden på to klasser på to ulike skular. Under kyndig fagrettleiing frå Læringsmiljøsentertet ved UIS initierte og fasiliterte LMT ein stor og lengre prosess for omlegging av skulemiljø. Teamets kompetanse, tidsressursar og fleksibilitet gjorde det mogleg å setje inn store ressursar i eit krevjande arbeid som faktisk gav veldig gode resultat. Betre læringsmiljø og meir nøgde elevar, foreldre og lærarar var det skulane satt igjen med. Dette hadde ikkje vore mogleg utan ressursteamet. Betre kvardagar for alle og mindre utanforskap var gevinsten. Element frå dette arbeidet blei rulla ut på alle skulane i Vinje.

Suksessfaktorer

- Dedikerte personar med høg fag- og relasjonskompetanse
- Avsett tid til arbeidet som gjev handlingskraft og fleksibilitet
- Deling av beste praksis på tvers av faggrupper og kollegium
- Ulike tiltak frå sparring og refleksjon til «tyngre tiltak»



Veien videre

LMT skal vidareførast innanfor dei totale rammene til fagområda Helse og meistring og Vinje oppvekst. Ressursteamet har synt seg viktig som støttespelar og pådrivar for barnehagane og skulane slik me håpa på. Sjølv om det er innsparingstider vel me å prioritere dette arbeidet, fordi me ser at det gjev effekt og fordi me trur at me kan overføre strategiar om refleksjon og samhandling vidare. LMT har funksjon på alle trinn i tiltakspyramiden.

